

Gamle-Nils 100 år

Av Sevrin G. Ulla 1984

Gamle-Nils, eller Nils L. Austnes voks opp i Lars-garden på Austnes. Far til Nils kom til Ulla i 1859 og budde der i 16 år. Nils var fødd i 1884 og døydde i 1986, 102 år gammal. I samband med 100-årsdagen hans har Sevrin G. Ulla skrive ein del om tilhøve på Ulla i gamle dagar.



Innleiing.

Som helsing til deg har me skrive ned eit og anna om folk og tilhøve på Ulla og Ullahamar i farne dagar. Det er pensjonister som bur eller har budd på Ulla og Ullahamar som sender dette. Og det kjem som svar på den opfordring du bar fram på pensjonistmøte den 31.10.1983 der du etterlyste folk som vilde skriva ned eit og anna frå ymse stader på Haramsøy. Du nemnde vistnok å skriva om tida 100-150 år attende og fram til våre dagar. Me som har skrive om Ulla og Ullahamar, me valde å få med noko om tida 1849-1939. Ein tidsbolk på 90 år, inndelt i fire perioder med kort oversyn over kvar periode: 1. Tida 1849-1880 2. Tida 1881-1905 3. Tida 1906-1920 4. Tida 1921-1939. Og so få med noko om kvart slektsledd som budde i tuna her i den nemnde tidsbolken. Noko av det som er nedskrive er slikt som me sjølve minnest, og noko som har vore fortald av våre foreldre, besteforeldre, eller av andre. Me veit at dine foreldre, Ranghild og Lars, i sine unge dagar budde her på Ulla og Ullahamar i fleire år, i 1890-åra og i fyrstninga av 1870-åra. So om den tida har du fyrstehands kjennskap.

1. Tida 1849-1880.

Tidleg om våren 1849 stod folket her på Ulla ribba og snau på brandtomtene etter branden som lagde mesteparten av den gamle grenda i oske. Det var berre husa i Kari-garden som stod

igjen. Husa vart bygd opatt på same tuftene, med mange bygninger på kvart bruk: Stovehus, løbygning med fjøs, stabbur, torvsjå og i sume høve også eldhus. På dei 7 nedbrende tuna vart det eit umåteleg arbeid å få bygge opigjen dei mange husa til folk og fe. Det er fortalt at det var ein slik ruskeversbolk den våren, med stor bære som lagde fram so mykje tare (værling) i heile bukta innover til torvstøene. Når åttringane kom med byggematreal so lagde dei matrealen fram på tarestålet, og når sjøen fall ned tok dei hesten og kørde matrealen fram til byggetomta.

Dei største sjøbuene i Ullahamar var truleg bygd i 1850-åra. Der var stor fiskehandel, og mange båtar samlast der i torskefiskja i februar og mars månad, det har vore nemnt 60-70 båtar. I jordbruket er det gamle teigbyte i bruk denne tida, med kring 80 teigar på kvar av gardane. Det var korndyrking og trusking med sløge. Kvernhus var det på kvart bruk. Om losane på Ulla, sjå Årbok 1980, s 29. Den 2. mars 1869 var den tragiske ulukkesdagen då so mange mann omkom ved Ullaholmen. Du fortalde eingong at far din Lars N. Austnes var med på åttringen til Hans Pederson Ulla, den ulukkesdagen, og at dei kom inn Nogvafjorden og tok iland på nørste Rogne, på garden Gjære. Den nemnde Hans Nikolai Pederson Ulla, f. 1839, var den yngste av 7 brør i Sjurgarden, Ulla. Hans Pederson Ulla vart seinare gift med ei enkje i Gjæretunet på Rogne. Fyrste mannen hennar, som også heitte Hans, han omkom den nemnde ulukkesdagen den 2. mars 1869.

Kring 1870 var det ei skute som forliste på fallet Skreia utfor Haramsfjorden. Mannskapet fekk berga seg på ein flåte av bord og plankar. Folk frå Ulla vart merksam på dei når dei kom drivande nord i Nogvafjorden. So snart som råd reiste folk frå Ulla og berga dei. I forkomen stand vart dei førd til land på Ulla. Frå den forliste skuta kom matreal drivande til lands i Lia, på utsida av Haramsøya. Gamlekarane snakka om "Lia-borda" som vart teke hand om og kom til nytte.

Det var truleg i 1870-åra at ei stor jakt siglde seg op millom Ullaholmen og Flem. Den var lasta med stokkfisk, og fiskelasten vart førd op til sjøbudene i Ullahamaren. Det var eit arbeid som varde i fleire vikor. Skuta var so stor at dei gamle salteri-sjøhusa i Ullahamaren vart fylte. Kort etter at fiskejakta siglde seg op her, kom det ei koljakt som også måtte losse ut noko av lasten. Kring 1880 var det ei lasta sildejakt som kom

drivande inn under Flemsbåen. Mannskapet hadde forlate skuta. Folk herifrå tok seg av jakta og fekk berga den til lands.

2. Tida 1881-1905.

Jordskifte 1880-81 førde til ny framgang i jordbruket. Større hovudteiger på kvart bruk. Betre grøfting av den dyrka jorda. Betre husdyrstell, levering av mjølk til Ålesund. Åttringen er i bruk til vinterfisket. Samfisket om sumaren varer til ut i 1890-åra. Det gamle samfisket på Storegga var lagt op slik at kvart tun på Ulla fekk like stor lut med fisk. Om dei var ute på to åttringar so delte dei fisken likt, men å stelle fisken og selje den, det ordna kvart tun for seg. Skulehuset vart bygd i 1889. Dei selde Kvernholmen til staten, og pengane gjekk til skulebygg. Fiskarar som budde her, dei brende tare og gav pengane til skulebygget. Ulla skulekrins fekk todelt skule fra 1891, det var då 24 skuleborn.

3. Tida 1906-1920. Det vart fiskebåtar med dekk og motor. Båter frå noko over 30 fot til 47 fot. Her var då 9-10 motorbåter, 4 av desse vart seld i slutten av krigen 1917-18. Hausten 1918 var fin haust, og med den beste kornavling. Her frå Ulla og andre stader på øyane vart i slutten av dette året sendt korn til Austerrike, der det var hungersnaud etter storkrigen. Den 12. mars 1915 var båtane her frå Ulla ute og drog torskegarn. Det var spakeleg ver, men båra vaks so fort utpå dagen, og det var reine grunnstøyt når båtane skulde til lands. Sume båter reiste inn Nogvafjorden, sume til Haramsfjorden.

4. Tida 1921-1939. I 1920-åra og fyrstninga av 1930-åra var det to lærarinner her som leida eit blandakor. Dei heldt jamnt songøvinger om vinteren, og deltok med korsong på fester og tilstellingar, både her på Ulla og andre stader. Koret var ofte på dei årlege stemner i Sunnmøre Songarlag. Dei to lærarinnene var Ruth Sunde, seinare gift Jørgensen, og lærarinne i Langevåg. Og lærarinne Astrid Alme, seinare gift Helle, og lærarinne i Holmedal, Sunnfjord.

I politiske krinsar vart det tala mykje om "de harde 30-årene" som på mange måtar var ei vanskeleg tid, økonomisk g politisk. Det kan ligge nær å sitere kva eit blad skreiv i

november 1933: "Annonse-sidene i lokalavisene er fulle av lysinger om tvangsauksjoner av store og små bondeheimar. Bladene tjener, og lensmenn og sakførere tjener. Disse er snart de eneste som tjener noget."

Folk på gardane på Ulla.

Dei som åtte gardane her på Ulla i siste halvdel av forrige hundradår og fyrstninga av dette århundrar nemner me her:

Mettegarden: Andreas Ågneson Ulla 1841-1926 og Vilhemine f. Terøy. Johan Andreasson Ulla 1876-1911 og Olina H. Ulla f. Gjørund 1876-1955. Olina gift att i 1913 med Gustav Sevrinson Ulla 1882-1958 frå Ingelei.

Maligarden: Ole Olson Ulla f. Haram 1835-1913. Frå Nystagarden. Gift med Helvig I. Ulla 1832-1910, enkje etter Kristen Kr. Ulla. Ole Olson Ulla 1871-1936 og Anna H. Ulla 1879-1938 f. Roald.

Negard: Peder Ågneson Ulla 1840-1926 og Berte B. Ulla f. Flem. Remma. Anna Pedersdt. Ulla 1875-1914 gift med Hans H. Ulla 1860-1926 frå Larsgarden. Peder Hansson Ulla 1895-1952 og Petra P. Ulla 1900 frå Sjurgarden.

Larsgarden: Hans Pederson Ulla 1820-1902 og Kristi K. Ulla f. Longva. Karl K. Ulla 1849-1927 og Ingeborg G. Ulla 1846-1923 frå Ingeleigarden. Karl K. Ulla 1887-1944 og Sevrine O. Ulla f. Haram 1896-1981.

Jogarden: Erik Monson Ulla gift med Berte Ulla f. Lausund. Martinus E. Ulla 18 -1890 gift med Berte Anna Ulla 1851-1948. Berte Anna gift att med Martinus A. Ulla frå Sørengarden Haram. Elias M. Ulla 1879-1944 eigar og brukar av Jogarden.

Sjurgarden: Hans Pederson Ulla 1819-1906 og Helene Ulla 1833-1919. Han var los i tida 1844-1876. Petter H. Ulla 1854-1937 gift først med Johanne Flem frå Gulagarden. Gift att med Petrine N. Farstad 1885-1944. Petter H. Ulla var los i tida 1876-1906. Hans Petterson Ulla 1883-19 gift med Petrine K. Ulla 1885-19 . frå Larsgarden.

Karigarden: Nils Anderson Ulla 1833-1916 og Berte Hansd. f. Farstad. Johan Rasmusson Ulla 1849-1928 og Filipine G. Ulla frå Ingeleigarden. Nils Johanson Ulla 1876-1959 og Josefine Ulla 1877-19 frå Negard.

Ingeleivgarden: Guttorm Ingebrigtson Ulla 1820-1900 og Marie M. Ulla frå Jogarden. Guttorm var los i tida 1844-1876. Sevrin Guttormson Ulla 1857-1935 gift med Petrine B. Ulla f.

Haram 1861-1948. Gustav S. Ulla 1882-1958 gift fyrst med Johanne A. Ulla og gift i 1913 med Olina H. Ulla. Dei budde i Mettegarden.

Fyrvaktarar ved Ulla fyr i tida 1874-1932

Christian Malme var fyrste fyrvaktar her frå 25.1.1874 til 7.12.1878.

O. A. Rønnestad fyrvaktar frå 7.12.1878 til 8.8.1899. Rønnestad hadde stor familie, mange born som gjekk barneskulen her på Ulla. Det var ein musikalsk familie, og borna deira vart tidleg opplærde med song og musikk. Det vart eit heilt musikkor, leida av Anna den eldste i den store syskenflokk.

E. M. Torgersen var fyrvaktar frå 8.8.1899 til 21.8.1918. Torgersen hadde ein hund som heitte Luks, og me borna hadde ein viss skrekk når hunden kom her ilag med fyrvaktaren. Frå barneåra minnest eg at det ofte vanka julegodt frå familien Torgersen.

Petter A. Godø var fyrvaktar frå 21.8.1918 til 1.10.1932. Godø var medlem av Godtemplar-losje lag i Ålesund. Han skipa eit lag for rednings-saka her på Ulla, og heldt sume år basar til inntekt for Rednings-selskapet NSSR. Den tida Godø var fyrvaktar her, hadde han heile tida hjelp av Ansgar Fredriksen. Og når Godø i 1932 flytte til Sjømanns Kvile i Ålesund, vart Ansgar med og passa honom.

Svendsengarden, Ullahamar.

Knut Svendsen 1834-1920 kom til Ullahamar i 1860-åra, den tid broren Vebjørn Svendsen dreiv handel her saman med Johan H. Løeg. Kona til Knut heitte Karen f. Humlen. Dei bygde hus i Ullahamar, eit stort toetasjes hus, der det vart husrom til fleire båtlag i fiskjetida. Knut hadde sitt arbeid ved fiskehandelen. Filip Svendsen 1864-1953 gift med Marie f. Tvedt 1878-1976, Filip reiste som styrmann i utanriksfart med dampskipet "HAFNIA", eit Bergens-rederi. Familien budde ei tid i Bergen. I tida føre Ålesunds-brannen budde dei i Ålesund. Han var styrmann ombord i rute-dampen "TERNEN" den tid dei evakuerte folk frå Ålesund under bybranden. Seinare flytte han til Ullahamar. Kjøpte motorbåt ilag med broren Laurits og dreiv fiske her. Laurits Svendsen 1878-1957 gift med Tomasine f. Krogsæter 1879-1963. Hadde motorbåt saman med broren

Filip. Seinare dreiv han fiske med "JOSTEIN" med Jo-karane på Ulla. Laurits bygde hus i Ullahamar i 1919.

Olagarden, Ullahamar.

Ola P. Ullahammer hadde hus samanbygd med Ingebrigtstova. Ola dreiv fiskeri. Kona til Ola heitte Johanne, og var frå Gamlemshagen. Karoline Barstad 1885-1985 fostedotter til Johanne og Ola Ullahammer. Karoline var gift med Bernt Barstad, han døydde i 1924. Bernt var bygningsmann, han var også med på elektrisk innstalering i husa her. Karoline er ved sjukeheimen i Brattvåg.

Jubgarden, Ullahamar.

Job Pederson Brunvold 1828-18 gift med Petrine Pedersdtr. f. Lausund 1824-1912. Job var lærar i Haram sørø distrikt, Lepsøy og Hildrestranda i tida 1835-1846. I visitasprotokollen er det innført fleire gonger at han "er en meget duelig lærer." I 1839 fekk han 5 spesidaler av kongens kasse som premi for flid og orden.

Job flytte til Ullahamar i 1846 og dreiv handel nokre år. På grunn av økonomisk tap han vart påført frå ei forretning i Ålesund, som han hadde varehandel med, vart det slutt med handelen. I midten av 1850-åra bygde Job huset som me i dag kallar Elias-stova. Seinare når det var slutt med handelen bygde han Jubstova.

Kristian Ullahammer 1854-1917 gift med Sevrine Gjørundsæter. Han var los i tida 1876-1906, og han var sensor ved eksamen for loslærlinger. Kristian hadde eit godt minne, og var godt kjend i dei mange innseilinger og farleier. Han hadde losbåt saman med los Petter H. Ulla. Dei hadde og ei sjøbud saman i Ullahamar. Kristian og broren Filip var sterke karer, som det lenge har gjenge gjetord omi vide krinser.

Filip Jobsen Ullahammer 1856-1941 var bakar i sine unge dager. Var ei tid på Steinshamn og ei tid i Torvik i Romsdalen. Filip dreiv også fiskeri.

Petrine Andersen f. Ullahammer 1877-19 gift med Sam Andersen frå Hordaland. Sam Andersen var mange år i Amerika. Petrine var postbud for Ulla og Ullahamar i fyrstninga av 1920-åra. Flytte til Ålesund i 1925.

Sevrin K. Ullahammer 1880-1934 gift med Laura Ulla 1893-1983. Laura har budd mange år i Larvik, ho er ved ein

pleieheim der. Sevrin var los frå 1906 til 1933. Hadde motorbåt og dreiv fiske i sine unge dager. Han bygde seg hus innanfor Håneset i 1923. I songkoret på Ulla var han med, også etter at han flytte til Håneset.